

## VÆR AKTIV PÅ KNUTHOLMEN MED SPANANDE AKTIVITETAR...

### **SJOKOLADE VERKSTAD**

frå KR. 395,- pr. person

*Knutholmen har sitt eige sjokolade verkstad. Her får ein lære om råvarekunnskap, temperering og sjokoladen sin eigenskapar. Her får du muligheit til å støype din eigen sjokolade med eigenkomponert fyll og smak. Økta tek ca. 1,5 time og høver for grupper 5-20 personar*

### **BUASPA**

frå KR. 350,- pr. person

*Sol deg heile året! Nytt og unikt spa anlegg som kan by på stor badestamp ute ved sjøkanten med ei fantastisk utsikt og måseskrik. Inne i sjøbua finn du den perfekte sandstranda der du garantert kan nyte sola i sol-stolen saman. Buaspa tilbyr utallige behandlingar og kombinasjonar som vi kan skreddarsy for deg og dine behov. Buaspa har ein kapasitet frå 1-20 personar samtidig. Badetøy kan og leigast. Sjå meir på [www.buaspa.no](http://www.buaspa.no).*

### **BUAVANDRING**

KR. 295,- pr. person

*Vi møtast i Gamle-butikken, for ei historisk vandring gjennom 5000 år i Kalvåg. Vi ruslar gjennom bygda, rundt vågen og legg inn eit besøk hos Vamråk sildesalteri som no er museum. Vandringa blir avslutta med en silledram på Gamle-butikken, 1,5 time, maks 48 pers.*

### **FISKETUR MED FISKESKØYTE**

frå Kr. 390,- pr. person

*Vi møtast på kaia ved Knutholmen. Her kler vi på oss varmedressar og sydvest før ein stig om bord i fiskeskøyta. Før vi kastar loss og set kursen mot fiskefeltet, vert det ei kort orientering om turen. Her er det mogeleg med god fangst. Du kan få torsk, lyr, hyse, brosme, lange, steinbit, kveite, krabbe og havål! Her er det mogleg med tilpassingar for line og teinedraging eller lengre fisketid. Prisen gjeld for inntil 2 timar, minstepris kr. 9500,- timepris utover 2 timar kr. 2500,- Eingangsum ved bruk av mekanisk Longline kr. 2900,-*

### **UTSIKTSTUR**

KR. 250,- pr. person

*Vi møtast ved Gamle-butikken for utdeling av antrekk. Vi vandrar gjennom bygda, rundt vågen med guide. Turen går vidare langs Nordsjøløypa, rundt "Havreneset" mot utsiktspunktet Flona(130moh.) her vil du sjå utover 700 holmar og skjer, eit av dei største fuglereservata i fylke. Vi nyt kaffi av krus som kvar deltakar får til odel og eige. Lokalkjend guide er med på turen. 1 time, min. 10 pers*

### **APERITIFF I GALLERI FRØYA**

KR. 195,- pr. person

*Galleri Frøya er bygd opp av Karin Flatøy Svarstad som har skiftande utstillingar med kjende kunstnarar gjennom året. Vi møter opp i Galleriet, får servert musserende vin, frukt og snacks. Orientering om galleriet samt mingling mellom dei ulike kunsttypane. Galleriet har og eige utsal av kunst og handverk. Muligheiter for eigne foredragshaldarar, kulturinnslag eller det ein måtte ønskje. 1 time, min. 10 pers.*

## HAVRAFTING

KR. 14.900,- pr. tur

Båten tek Dykk med vest av Hovden til Kvannahovden fyr, vidare til Dombevågen. Vi fortel litt om plassen og historie frå Krigens dagar. Deretter køyrer vi vidare til Store Batalden og til Fanøy. Her blir det ein liten stopp for forfriskingar. Når vi er klar igjen, går vi langs Berekstad-landet mot Kalvåg. Dette er ein kombinasjonstur der ein får historie og kultur frå området, fart, spenning og ein dose med friske opplevingar. 2 timer, inntil 12 pers. Vi har også turar på 1 time. Ta kontakt for meir informasjon.

## SKJERGARDSCRUISE

KR. 390,- pr. person

Vi møtast på Knutholmen for utdeling av antrekk og kort orientering om turen. Fiskeskøyta tek oss med mellom 700 holmar og skjær rundt øya Frøya. Her kjem vi tett på naturen. Alt ligg til rette for å sjå alt frå havørn, nise, kval, skarv til spor etter gamle fiskestover frå 1800-talet. Vi leverer gjerne mat og drikke om bord. Prisen gjeld for inntil 2 timar, minstepris kr. 9500,- timepris utover 2 timar kr. 2500,-  
Eingangsum ved bruk av mekanisk Longline kr. 2900,-

## TOPPTUR m/BÅLBRENNING

KR. 295,- pr. person

Vi møtast ved Gamlebutikken. Vi ruslar gjennom bygda, rundt vågen samstundes som vi får historieforteljing av lokalkjent guide. Turen går vidare gjennom land og strand til vi har nådd utsiktspunktet Flona (130moh.). Her ser vi utover dei 700 holmane og skjera. Vi brenn bål og nyt en varm kopp kaffi og noko å bite i. Guide på turen og kaffikrus til å ta med heim er inkludert. 2,5 time, min. 10 pers.

## UTLEIGE AV FRITIDSBÅT

KR. 900,- pr. døgn

Knutholmen har 4 stk. Øien 530 F med 40 hk motor til utleige. Det er plass til 8 personar i kvar båt. Det er mogeleg å leige fiskeutstyr, varmedressar, GPS etter behov. Utleige kan skje mellom kl. 08.00 til kl. 21.00.

## TRENINGSROM

KR. 100,- pr. person

Knutholmen har tilgang til nytt treningsrom med bla. tredemøller, olympiske vekter, fitnessmaskiner, spinning sykklar, ro-maskiner, slynger m.m. Det er organiserte timar med spinning og Zumba med sertifiserte instruktørar. Opningstider frå kl. 06:00 til kl. 23:00 kvar dag.

## HAVKAJAKK OG LIKNANDE

PRIS på forespørsel

Kajakk leige med eller utan guide. Introduksjonskurs der du etter deltaking på er i stand til å ta enkle turar på eigenhand. Om ein ynskjer kortare/lengre tur eller kurs tilpassar vi dette etter ditt behov. Ta kontakt for meir info.

## FISKEBUTIKKEN PÅ KALVØYA

Her får du kjøpt med deg ferske produkta innan kvitfisk. Om de ynskjer noko godt til middag, ein liten snacks eller vil kjøpe med deg fleire kilo til å ha i frysen heime, er dette plassen og vere. Ferske og fryste varer rett ifrå havet mellom Stadt og Sogn.

## UTLEIGE AV SYKLAR

KR. 250,- pr. sykkel

Holmen Atelier har utleige av 6 sykklar, herav 2 racingsyklar. Det er fleire fine sykkelveggar i og rundt Kalvåg, slik som ved fyret på Nesje, Gamle Smørhamn handelstad og utsiktspunktet på Liseth. Ta kontakt om de ynskjer å ta ein sykkelstur.

## LEIRDUESKYTING

KR. 295,- pr. person

Ynskjer du meir informasjon om leirdueskyting, kontakt oss.

## VINSMAKING

**PRIS på forespørsel**

*Her får du lære å smake, lukte og bli kjend med ulike vinar og boblevatn. Dette er ein morosam og sosial aktivitet. Ta kontakt for meir informasjon.*

## BESØK HJORTEGARDEN

**KR. 95,- pr. person**

*Besøk hjortegarden i Ålfoten. Her kan du få helse på og mate hjortane med gulerøtter som du får utdelt i storslått natur som råme. Eit slikt besøk vil alle born og vaksne sette stor pris på. Kombiner gjerne besøket til Hjortegarden med ein fottur i Førdedalen. Mating skjer kl.11:00 kvar dag Juni-August. Tid utover dette avtalast.*

## FJELLTURAR I BREMANGER

*Hjå Knutholmen får du kjøpt turkart og turbok som gjev deg informasjon om over 100 løyper og turar i fjella rundt om i Kalvåg og resten av Bremanger Kommune. Det er fantastisk å pakke ryggsekken med appelsinar, rosiner, kikkert og ein liten sjokolade, strappe fjellsko godt igjen og begynner å gå stien som fører til fantastisk toppar med ei unik utsikt over land og strand. Er du heldig kan du sjå oljeplattformane i havet, havørnene som jaktar eller hjorten som lev sitt frie liv på fjella.*

*GOD TUR!*

## BEDRIFTSVANDRING FOR BEDRIFTER

**KR. 295,- pr. person**

*Deltakarane møtast i Vamråk Sildesalteri, der det vert utlevert korrekt antrekk for ei vandring gjennom Kalvåg si framtidige næring i Kalvåg. Vi ruslar gjennom Norway Pelagic, omvising på nye kaia, innom Frøysjøterminalen, rundt produksjonslokale og gjennom spekesild-anlegget. Tar så turen bort til Brødrene Larsen. Kjapp omvising på kaia ved mottaket, innom pakkelinjene og får sjå kar med ulike sortar fisk. Omvisinga endar i fiskebutikken der det er servering av rå/behandla produkt og ein sildedram. Her kan også gjestar kjøpe med seg varer. Varigheit ca. 1,5 time, maks 48 personar.*

## TRANSPORT FLORA LUFTHAMN-KALVÅG

**KR. 2.500,- pr. tur**

*Taxibåten står klar til henting på Flora Lufthamn om de treng transport direkte til Knutholmen. Båten tek 11 passasjerar og turen tek ca.25 min. Om ein treng større eller fleire båtar, kan dette ordnast. Ein kan òg ta oppdrag til Svelgen, Måløy og andre stadar. Ring oss om tilbod. 10% mva kjem i tillegg.*



## UTFORSKINGSTURAR MED HURTIGBÅT

Alle turar går med mindre hurtigbåt eller tilsvarande som på bilete. Båten tek inntil 11 passasjerar på ein komfortabel reise rundt på ulike mål i vår flotte skjergard som yrar av fugle og dyreliv. Ta kontakt ved større grupper enn 11 personar. Det er kjentmann med på alle turar til ei kvar tid. Turane kan avvike noko på tid, køyrerute eller bli kansellert på kort varsel grunna endring i ver. Prisane er gjeldande for min. 6 deltakarar.

### **Helleristningsfeltet Vingen 2,5 t kr 790,- pp**

Turen går tur/r frå Kalvåg til Vingen med passering av majestetiske Hornelen. Vingenfeltet er eit av det største helleristningsfeltet i Europa. Feltet inneheld over 2000 ulike risningar med historie tilbake til 4000 år f.kr. Turen inkluderar guide og landavgift.

### **Der ingen kunne tru at nokon kunne bu..... 2,5 t kr 1190,- pp**

.....vest av Kalvåg mellom 700 holmar og skjer. Vi vil passere gamle og nyaere busetningar helt ute ved havet. På turen vil ein kunne få oppleve eit rikt dyreliv og ein fantastisk natur. På denne turen har vi Havørngaranti.

**eller**

.....vest av Bremanger mellom holmar og skjer. Vi vil passere gamle og nyaere busetningar helt ute ved havet til Veststeinen og fantastiske Vetvika. På turen vil ein kunne få oppleve eit rikt dyreliv og ein fantastisk natur. Om ein er heldig kan ein få møte selen som ein kan og få mate om ein er heldig.

### **Kvanhovden fyr 2,5 t kr 890,- pp**

Vi kryssar yst i Frøysjøen og kjem fram til Kavnhodensfyr. Fyret ligg spesielt verhardt til noko som viser igjen med plassering av fyret 40 m.o.h. Vi går i land og utforskar området nærare og nyt utsikten av storhavet med noko godt i koppen.

## HAVFISKE MED SJARK

Alle turar går med sjark eller tilsvarande som på bilete\*. Båten tek inntil 6 passasjerar på ein komfortabel reise rundt på ulike mål i vår på havet. Ta kontakt ved større grupper enn 6 personar. Det er kjentmann med på alle turar til ei kvar tid. Turane kan avvike noko på tid, køyrerute eller bli kansellert på kort varsel grunna endring i ver. Prisane er gjeldande for min. 6 deltakarar.

\*ved krabbe/hummerfiske kan det bli nytta mindre båtar

### **Havfiske Frøysjøen 3 t kr 790,- pp**

Turen går mot dei beste fiskefelta i Frøysjøen. Du får låne fiskeutstyr, varmedress og støvlar.. Du kan sjølvsagt ta med eige utstyr om du ynskjer dette. Ynskjer du å optimalisere fangsten vil vi foreslå å legge til ein av fiskemetodane under.

### **Havfiske Storhavet 6 t kr 1390,- pp**

Turen går mot dei beste fiskefelta i etter årstid og ver. Du får låne fiskeutstyr, varmedress og støvlar. Du kan sjølvsagt ta med eige utstyr om du ynskjer dette. Ynskjer du å optimalisere fangsten vil vi foreslå å legge til ein av fiskemetodane under.

### **Krabbe/ hummer\*-fiske 2 t kr 790,- pp**

Turen går mellom holmar og skjer i nærområdet med draging, tømning og egning av teiner.

\*Hummerfiske er kun i perioden 1. oktober-30. November

### **Likar du Ørrett eller laksefiske ?**

Knutholmen disponerar og formidlar tilgang på fleire fiskevatn med ørret i Kalvåg og vårt nærmoråde. Itillegg formidlar vi fiskeplassar i lakseelvar innanfor 2 timar reisetid.

### **Tilleggsteneste Havfiske:**

Kveiteline (draging 500 krok) kr. 1500,-

Draging av garn 300 meter kr. 1200,-

Draging av fiske eller krabbeteiner kr. 1100,- ( 10 krabbeteiner eller 5 fisketeiner)

Forlenging av tur pr. time kr.1380,-

Fillettering og pakking/vakumering av fangst kr. 10,- pr. kg.

\*All type garn og bruk vert egna, klargjort og sett ut på førehand, etterarbeid er inkl. i pris.